



Johannes Hodneland  
Vassbygdvegen 985  
5956 HUNDEVIN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/11528 - 20/45717

Saksbehandlar:  
Astrid Riise  
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:  
10.07.2020

## Registrert avvik i septiktank - gbnr 52/9 Berge

**Tiltak:** Avvik i septiktank  
**Byggjestad:** Gbnr: 52/9  
**Tiltakshavar:** Johannes Hodneland og Trude Moldøen

Alver kommune har den 11.06.2020 motteke melding frå Norva24 AS om at det ved tømning den 11.06.2020 vart registrert at avløpsvatn frå septiktanken renn rett ut i grunnen på eigedommen dykkar, med adresse Vassbygdvegen 985, 5956 Hundvin. Når avløpsvatn renn ut i terrenget, fører dette til forureining av grunnen.

Når det er eller det er fare for forureining, skal den ansvarlege for forureininga sørge for tiltak for å hindre at forureining skjer. Når forureining har oppstått, skal den ansvarlege sørge for å stanse, fjerne eller avgrense forureininga, jf. forurensningslova § 7.

### **Tilstanden må utbetrast. Frist for arbeidet vert sett til 07.09.2020.**

Dersom vi ikkje får inn skriftleg tilbakemelding om utført arbeid innan fristen, varslar vi samstundes at vi kan pålegge dykk å utbetre forholdet og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forureiningslova §§ 7 og 73.

Dersom de meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det fins andre grunnar til at de ikkje har plikt til å utbetre tilstanden, ber vi om at de tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

For å få utbetra eit avløpsanlegg må de kontakte eit godkjent rørleggarføretak. For tiltak som gjeld nytt lokk/lås eller liknande kan de sjølv utføra arbeidet.

Når lekkasjen er reparert, må de fylle ut vedlagte skjema for utført arbeid og returnere det til kommunen.

Skjema sender de til

- [post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no) eller
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

**Aktuelt regelverk:**

- Plikt til å unngå forureining følgjer av forurensningslova § 7.
- Kommunen kan gje pålegg om retting og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forurensningslova kapittel 9.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 5637 5000 eller på e-post.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Astrid Riise  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Tilbakemelding om utført arbeid - Alver kommune

**Mottakarar:**

Johannes Hodneland  
Trude Moldøen

Vassbygdvegen 985  
Vassbygdvegen 985

5956 HUNDVIN  
5956 HUNDVIN